



- eit fyrtårn i vest

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Øygarden kommunale skular

Heimel: Fastsett av Kommunestyret **15.05.2025** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Føremål og verkeområde

Forskrifta skal sørgje for at søknadar om permisjon frå grunnskuleopplæringa vert forsvarleg behandla.

Forskrifta gjeld for dei kommunale grunnskulane i Øygarden kommune.

Formålet med forskrifta er at den skal angi reglar for når og i kva omfang elevar i Øygarden kommunale skular kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

§ 2. Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Det er eit vilkår for å innvilge permisjon at skulen vurdere at opplæringa samla sett er forsvarleg. Kva som er forsvarleg, skal bli vurdert individuelt og med grunnlag i fagleg-pedagogisk kompetanse.

I vurderinga av om det er forsvarleg å gje eleven permisjon skal det bli lagt vekt på :

- kva som er til det beste for eleven
- det fagleg nivået til eleven
- undervisningsopplegg til skulen i permisjonstida
- permisjonshistorikken til eleven
- kva opplæring eleven får i permisjonstida

Foreldra må sørgje for opplæring i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i undervisninga etter permisjonen. Kva for krav ein skal stille til opplæring i permisjonstida, skal bli vurdert individuelt ut frå behova til eleven. Skulen har ikkje har plikt til å lage undervisningsopplegg for elevar som har permisjon frå skulen.

Permisjon frå grunnskuleopplæring gjev ikkje elevane rett til å ta igjen opplæring dei mister. Dette gjeld også dersom eleven har enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

Høgtidsdagar utanom Den norske kyrkja

Barn som høyrer til eit trussamfunn utanom Den norske kyrkja, har rett til permisjon på høgtidsdagane til trussamfunnet. Foreldra må syta for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgja med i den vanlege undervisninga når ho eller han er tilbake.

Ferie og treningssamlingar

Skulane gjev berre unntaksvis permisjon til ferie og treningssamlingar. Det same gjeld dersom søknaden kjem før terminplan er klar for den aktuelle perioden.

Skulen kan gje elever permisjon til deltaking på møte i Ungdomsrådet. Det same gjeld når ein elev er teken ut til å delta i ein konkurranse eller på eit stemne på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt nivå.

§ 3. Tilhøve der det berre unntaksvis vert gitt permisjon

Skulen kan avslå søknad om permisjon sjølv om det er forsvarleg å gje permisjon dei skuledagane det blir søkt om. Det skal normalt ikkje bli innvilga permisjon i følgjande periodar:

- statlege kartleggingsprøvar
- nasjonale prøvar
- heildagsprøvar på ungdomstrinnet
- eksamenar
- leirskuleopphald og overnattingsturar

Siste halvår på 10. trinn vert rekna som ekstra viktig, då elevane skal ha sluttvurdering i denne terminen. Det betyr at det normalt ikkje er forsvarleg å gje permisjon over fleire i dagar dette halvåret.

§ 4. Øvre grense for permisjon per skuleår

Det er ikkje forsvarleg å innvilge permisjon for meir enn inntil ti skuledagar kvart skuleår. Eleven får ikkje samanhengande permisjon i meir enn to veker. Elevar som er borte meir enn ti dagar skal skrivast ut av skulen.

Som hovudregel skal det bli gitt unntak frå øvre tak ved permisjonar som gjeld opphald i samband med habilitering/rehabilitering.

§ 5. Behandling av søknader om permisjon

Foreldre eller fosterforeldre barnet bur fast hos kan søke om permisjon. Ein må søkja minst tre veker på førehand, og søknaden må grunngjevast. Rektor kan krevje dokumentasjon.

Søknad om permisjon etter Opplæringslova § 2–2 fjerde ledd, skal bli behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova (kapittel IV–VI).

Kontaktlærer kan innvilge permisjon i inntil to dagar dersom vilkåra i §§2-4 er oppfylt.

Rektor på den enkelte skule har fullmakt til å innvilga permisjonssøknader utover to dagar, dersom vilkåra i §§2-4 er oppfylt. Søknaden skal bli behandla så snart som mogleg.

§6. Klage

Ein har etter forvaltningslova rett til å klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker frå vedtaket vart motteken. I klagen skal det kome fram kva ein er misnøgd med og kvifor ein meiner at skulen bør endre vedtaket. Dersom skulen står fast på avgjerda, vert saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

§6. Ikraftsetjing

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Øygarden kommunale skular er gjeldande straks dei er vedteken av Kommunestyret.